



Ronny Monslaup  
Grønfjellet 14  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/9145 - 21/83915

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
13.12.2021

## **Stadfesta mottak av opplysningar om forureina grunn og krav om masseutskifting - gbnr. 108/155 Lindås**

Alver kommune stadfestar mottak av varsel frå Nortank-Emitek AS datert 26.10.2021 om mindre lekkasje av fyringsolje til terreng frå nedgraven oljetank på eigedom gbnr. 108/155 Grønfjellet 14.

Det er opplyst at mengde fyringsolje som har runne ut i terrenget er omlag 40 til 50 liter. Nortank-Emitek AS opplyser at du som grunneigar har sikra området for ytterlegare forureining ved at tanken er tømt og reinsa den 25.10.2021.

Vidare vert det opplyst at du ynskjer å foreta masseutskifting av forureina masse i grunnen og deponere dette på off. godkjent mottak. Nortank-Emitek AS vil gjere nye målingar av grunnen når forureina massar er fjerna.

Alver kommune vurderer at dei tiltak som er utført og dei planlagde utførte tiltaka er tilstrekkeleg i høve til forureinga sitt omfang.

Me ber om ei stadfesting frå deg om at tiltaka med masseskifting vil verte gjennomført innan rimeleg tid. Når masseutskiftinga er gjort ber me om å få tilsendt dokumentasjon på at dei forureina massane er levert på godkjent deponi og dokumentasjon frå Nortank-Emitek AS for målingar av grunnen etter at dei forureina massane er fjerna.

**Frist for tilbakemelding vert sett til 01.01.2022.**

Med helsing  
Alver kommune Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Hogne Askeland  
Konsulent

### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug      post@alver.kommune.no      Kontonummer: 3207 29 30559  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50      www.alver.kommune.no      Organisasjonsnummer: 920 290 922  
00

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Emitek AS

Henrik Ibsens  
gate 90

0255

OSLO

**Mottakarar:**

Ronny Monslaup

Grøn fjellet 14

5955

LINDÅS